



Flott siger til damelaget i dag.

Rosendal sitt damelag i fotball har i dag vore til Vossetraktene og spela kamp mot Bjørgum. Med 6 uskedelingar på laget kunne dei retunere med ein flott 6 - 2-siger. Stillinga ved pause var 2 - 0 til gjestelaget frå Rosendal.

Bjørgum stilte med eit klart sterkare lag enn då laga møttest i Rosendal i vår, og dei ytte god motstand. Men Rosendal fekk ein svært god start og alt etter 3 minutt tok dei leiinga etter scoring av Ingebjørg Haugland. Fem minutt seinare var det klart for ny scoring og 2 - 0. Denne gangen var Helene Skåla sist på ballen. Resten av omgangen vart mållaus, og dermed var pauseresultatet 2 - 0 til gjestene.

Tidleg i 2.omgang scora Tina Olderkjær Skår 2 mål før Bjørgum reduserte 2 ganger. I løpet av dei 10 siste minuttane scora Julie Skeie Olsen (81.min) og Ingebjørg Haugland (82.minutt) to kjappe mål, og dermed vart sluttresultatet solide 6 - 2.

I tillegg til to-mål-scorar Ingebjørg spela desse uskedelingane kampen: Gørill Samland Eik(kaptein), Katrine Yri Røssland, Anne Marthe G. Zimmer, Anita Simensen og Kari Bråtun.

Av: Thor Inge Døssland.